

Emilio Besada [f. 1971] er overlege i revmatologi ved Finnmarkssykehuset i Kirkenes og stipendiat ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet

Ingen oppgitte interessekonflikter.


Litteratur

1. Løvdahl A, Øverbø J. En pasient i 20-årene med icterus og smerter i ledd og muskler. Tidsskr Nor Legeforen 2016; 136: 1651–2.
2. Roy-Chowdhury N, Roy-Chowdhury J. Classification and causes of jaundice or asymptomatic hyperbilirubinemia. Uptodate. https://www.uptodate.com/contents/classification-and-causes-of-jaundice-or-asymptomatic-hyperbilirubinemia?source=search_result&search=jaundice&selectedTitle=2~150 (27.10.2016).

I Tidsskriftet nr. 20/2016 spurte T. Madssen & M. Tufte om man som lege kan titulere seg «dr.» selv om man ikke har doktorgrad. Det har avført en del debatt.

Re: Doktor = lege?

Det er grunn til å knyte ein kommentar til diskusjonen om forkortinga «dr.» for «doktor» i norsk (1). I nynorsk kan ein lege/lækjar kalle seg «dokter», mens «doktor» er for dei som har teke doktorgraden. Innanfor nynorsk rettskriving er dermed «doktor» eintydig.



Frekvensen av ordene «lege», «lækjar», «dokter» og «doktor» i nynorske bøker etter 1900. Omtegnet etter tillatelse fra Nasjonalbiblioteket

Eit sok i n-gramtenesta til Nasjonalbiblioteket i nynorske bøker etter 1900 viser at «lege» heile tida har vore det vanlegaste ordet, og at «dokter» har vore noko brukt, men mykje mindre (2).

Marit Hovdenak

marit.hovdenak@sprakrådet.no

Marit Hovdenak [f. 1950] er seniorrådgjevar i Språkrådet.
Ingen oppgitte interessekonflikter.

Litteratur

1. Madssen T, Tufte M. Doktor = lege? Tidsskr Nor Legeforen 2016; 136: 1744.
2. Lege, lækjar, dokter, doktor. I: NB N-gram beta. Nasjonalbiblioteket. [http://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/#ngram/query?terms=lege%2C+l%... \(9.11.2016\).](http://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/#ngram/query?terms=lege%2C+l%...)

Re: Doktor = lege?

I Tidsskriftet nr. 20/2016 spør to «tittelforvirra medisinstudentar» om doktor kan brukast synonymt med lege (eller lækjar), og i svaret frå Erlend Hem blir dette stadfesta som rett (1). Så enkelt er det nok ikkje, i alle fall ikkje på nynorsk som er målforma som er nyttta av spørsmålsstillarane. På nynorsk tyder doktor ein som har teke den akademiske graden som ein kallar doktorgraden (1). Ein treng m.a.o. ikkje å vera medisinar for å vera doktor. Derimot er ordet dokter (med -e-) synonymt med lege/lækjar (2). Dette svarar godt til uttalen som folk flest brukar om dokter i tydinga lege/lækjar. Men det er vanleg å forkorte både dokter og doktor med dr. På bokmål, derimot, blir doktor (noko overraskande for meg) brukt både om ein som har doktorgrad og om ein som er lege/lækjar (3).

Eiliv Brenna

eiliv.brenna@stolav.no

Eiliv Brenna [f. 1950] er lege, dr. med. (m.a.o. både dokter og doktor). Ingen oppgitte interessekonflikter.

Litteratur

1. Madssen T, Tufte M. Doktor = lege? Tidsskr Nor Legeforen 2016; 136: 1744.
2. Alf Hellevik. Nynorsk ordsliste. 10. utg. Oslo: Samlaget, 2011.
3. Bokmålsordboka. 2. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget, 1997.